

Reiseråd Georgia

Innreise

Når vi reiser til Georgia er vi utanfor EU, og må difor gjennom passkontroll på Gardermoen før vi kjem til gaten vår. Reisa går via Moskva, som også er gjenstand for passkontroll på utreise. Hugs å rekne god tid frå innsjekk då det kan vere køar i passkontrollen.

Det er den reisande sitt ansvar å sjå til at passet er gyldig for innreise og å gjere seg kjend med dei til eikvar tid gjeldande innreisebestemmelsar til det enkelte land.

Norske borgarar treng ikkje visum til Georgia for opphald på opptil eit år. Passet må vere gyldig i tre månader etter heimreisedato. Pass på at du har to blanke sider i passet ditt, då desse skal stemplast ved innreise og utreise. Har du ikkje det, må du kontakte politiet og få evt naudpass, som også vert godteke som innreisedokument.

Vi tek atterhald om at innreisebestemmelsane kan endrast på kort varsel. Vi tilrår difor at ein følgjer med på UD sine landsider for Georgia.

https://www.regjeringen.no/no/tema/utenriksaker/reiseinformasjon/velg-land/reiseinfo_georgia/id2428525/

Praktisk informasjon

Internasjonal telefonkode +995 (+32 for Tbilisi). GSM-dekninga er god, også utover i landet. Tidsforskjellen mellom Norge og Georgia er +to timer om sommaren og +tre timar om vinteren.

Georgisk er offisielt språk, med eige alfabet. Dei fleste georgiarar snakkar russisk, i tillegg vil enkelte kunne noko engelsk, spesielt i Tbilisi.

Majoriteten av befolkninga tilhøyrer den georgisk-ortodokse kyrkja. Klesstilen er hovudsakleg vestleg, men det vert forventa at ein dekkjer til beina (både for menn og kvinner) viss ein besøkjer ei av Georgia sine mange kyrkjer. Her må kvinner også dekke til håret.

Straum: Spenningsvariasjonen kan vere stor. Straumforsyninga er best i hovudstaden. Det er 220 V og same type støpsel (stort sett) som i Norge.

Transport: Offentleg kommunikasjon er billeg, men av varierende kvalitet. Mange brukar taxi, også på lengre dagsturar utanfor hovudstaden. Det er lurt å be om pris før ein set seg inn i taxien. Taxiselskapet 009 tilbyr førehandsbestilling og har vanlegvis fornuftige prisar. I Tbilisi er appen «Taxify» ein effektiv måte å bestille taxi på.

Betalingsmidlar:

- 1) Det er ulik praksis i norske bankar når det gjeld definisjonen om Georgia er ein del av Europa eller Asia. Sjekk med banken din før avreise for å sikre at regionssperra for kort/kredittkort er "opna for den verdensdelen som Georgia vert definert under i din bank.
- 2) Noter gjerne kortnummeret i tilfelle tjuveri av kreditt- eller kontokort. Det kan vere lurt å ha notert ned telefonnummeret til banken din i tilfelle du vert utsett for at kortet ditt vert stole.
- 3) Det er mange ATM (minibankar) i Tbilisi som godtek blant anna MasterCard og VISA. Det er både ATM og bank i Marriott Courtyard der me bur, så både uttak av kontantar og veksling kan lett ordnast.
- 4) Dei fleste større butikkar, kjøpesenter, restaurantar og kafear i Tbilisi aksepterer kort. Samstundes er det også nokre butikkar og kafear/restaurantar som ikkje tek kort, og på marknader o.l. må ein stort sett betale kontant. Dersom ein vel å basere seg på kort for betaling og uttak av kontantar frå ATM, kan det vere greitt å gjere ei vurdering av om ein vil ha med litt kontantar frå Norge for sikkerheits skuld. I så fall er referansevalutaen EURO eller USD (den georgiske valutaen lari, GEL, er ikkje tilgjengeleg i Norge). I Georgia kan EURO og USD enkelt vekslast til den lokale valutaen lari (GEL).

Klede:

- 1) Ha med lette sommarklede då me gjerne får nokre varme sommandagar.
- 2) Det er lurt å ha med caps/hatt/solhatt, solkrem og solbriller for solrike dagar.
- 3) Pakk for sommartemperatur, men ta høgde for at me kan få varierende temperaturar avhengig av veret. I fjellområda kan me på kalde dagar oppleve lave norske høsttemperaturar, så det kan vere lurt med ein ekstra gensar/jakke, og lett regntøy i tilfelle dårleg ver.
- 4) Ta gjerne med eit par ekstra gode "gå-sko" (fjellstøvlar eller solide joggesko) for turen opp til Gergetis Sameba-kirken ved Stepantsminda (Kaukasusfjellene). Hvis du ikkje ønskjer å gå på tur eller velger køyring opp og ned, så kan vanlege joggesko vere eit alternativ. Strekninga er ca. 6 km kvar veg og høgdeforskjellen er ca. 400m.

Tradisjonar:

- 1) Når me skal besøkja georgiske kyrkjer må menn ha langbukser: Det er riktignok variabelt kor strengt det er, men ein kan risikera å verte høfleg avvist ved inngangen til ei kyrkje hvis ein kjem i shorts. Eit tips er å ta med ei lett overtrekksbukse som du lett kan tre utanpå dersom du går i shorts.
- 2) For kvinner som skal besøkja georgiske kyrkje gjeld det å ha med eit sjal som ein kan feste rundt livet som ein kjole dersom ein går i langbukse, og eit lite sjal til å dekke til hovudet. Igjen så er det variabelt kor strengt det er, men det tek lite plass og er greitt å ta med for sikkerheits skuld.

Helse/medisin:

- 1) Sidan bakteriekulturen er annleis og me møter ein ny mattradisjon med nye smakar skjer det frå tid til anna at enkelte kan få litt mageproblem. Dette er sjølvstilt individuelt og me vil tilrå at de gjer ei vurdering ut frå kor utsett de er for å få magetrøbbel på tur. Det kan vere lurt å førebygge ved å drikke regulær Idoform nokre dagar før avreise for så å drikke 1 Idoform travel per dag under reisa.
- 2) Grunnleggande medisinske remediar som plaster, gassbind, fatle, smertestillande, remediar for mage, etc. har me i beredskap. De må sjølv vurdere om de ønskjer å ta med dykk slike ting sjølve fra Norge i tillegg.
- 3) Hvis du er plaga av bilsjuka og du ønskjer å bruke bilsjuketablettar, tilrå me at de tek med dette frå Norge.

4) Vi tilrår ikkje å drikke vatn frå springen. Det er ikkje farleg, men ulik bakteriekultur gjer at besøkjande kan verte dårlege av den lokale bakteriefloraen. Som regel er det vassflasker på hotellrommet, eller ein kan kjøpe dette på næraste matvareforretning eller kiosk.

Normale opningstider er 1000-1800. Bankar: 0930 – 1730

Nødnummer: Politi, ambulanse og brannvesen - 112

Tidsforskjellen til Georgia (GMT +4) ligger tre timer framfor Norge (GMT +1) om vinteren, to timer foran Norge om sommaren (ut frå vår sommar- og vintertid).

Tipsing: Det er vanleg med 10 % tips til sjåførar, på kafear og når nokon har gjort noko for deg (portørar mm). Hugs også å legge att eit beløp på rommet i løpet av opphaldet, ofte kan det vere lurt å gi det tidleg i opphaldet. Vanleg er ein sum tilsvarende 1 dollar pr dag (ca 2-3 GEL)

Tryggleik

Tryggleiken i Georgia er relativt god så lenge ein tek vanlige forholdsreglar og brukar sunn fornuft.

Tbilisi var tidlegare ein by med mykje vinningskriminalitet, men situasjonen er vorten langt betre dei siste åra. Det er framleis mykje tigging. Det er viktig å passe godt på verdisaker som pengar, pass, smykker og fotoutstyr. Safen på hotellet bør brukast. Om nettene tilrår vi å ta taxi om ein vurderar å gå lengre avstander.

Det er meir risikofylt å bevege seg i trafikken enn ein er vand med i Norge. Farten er ofte høg, og køyretøya dårlege. Det er lågare terskel for å ta – og utsette andre for – risiko i trafikken. Bilistar stansar som regel ikkje for fotgjengarar.

Helse

For innreise til Georgia er det ein fordel å vere vaksinert mot difteri, stivkrampe, kikhoste, poliomyelitt og hepatitt A. Innleggelse på lokale sjukehus vert ikkje anbefalt, men det finst legesenter som det internasjonale miljøet brukar: MediClubGeorgia, Medical Center Cito og IMSS Clinic. Folketrygda dekkar ikkje helsetenester ved turistopphald og det er difor heilt nødvendig å ha ei gyldig, heilårs reiseforsikring som dekkar heile verda når ein reiser til Georgia.

Det er mange apotek i Tbilisi der ein kan få både medisinske varer, kosmetikk og liknande. Enkelte varer som ein får utan resept i Norge kan ofte være reseptbelagt i Georgia.

Den norske ambassaden i Baku (som dekkar Georgia): +994 12 505 25 66

Ambulanse / Brann / Politi: 112

Marriott Courtyard (Tbilisi): +995 32 277 91 00 - www.marriott.com/hotels/travel/tbscy-courtyard-tbilisi

Rooms Hotel (Stepantsminda): +995 32 271 00 99 - www.roomshotels.com/kazbegi